

Aktivitetsplan 2013

Dato:	Aktivitet:	Ansvarleg:
Fredag 17. mai	Nasjonaldagfeiring	Styret
Laurdag 25. mai	Stormdugnad i T.poll	Sosialkomiteen
2. til 9. juni	Stormveke aktiv. kvar dag.	Erling , Tove, Asbjørn, Lisbeth, Johan, Eli, Tor Åge.
Fre.7. til søn. 9. juni	Stormfestival i Vågsøy	Erling , Alle
Tysdag 11. juni	Sesongslutt m. samkome	Alice , Laila B, Johan, Petter, Amalie
Tysdag 20. aug.	Sesongstart haust	Styret
Fre 30. aug til 1. sep.	Inspirasjonshelg	John Inge , Erling, John S, Marte, Stine, Reidunn
Fre 4. til søn 6. okt.	Øvingshelg	Styret
Fredag 25. okt.	Heim i haust. Underholdning	Asbjørn , Tor Åge, Jonathan, Siv, Eli, Trond, Ola V.
Laurdag 9. nov.	NordVest Meisterskapen	Styret
Søndag 24. nov.	Basarkveld i Vågsvåg	Johanne , Laila M, Ola R, Solveig, Terje N, Tove, Kari
Søn. 15. el 22. des.	Julekonsert i kyrkja	Styret
Laur. 4. og søn. 5. jan.	Øvingshelg	Styret
Laurdag 11. jan	Nyttårskonsert	Anne Mari , Lisbeth, Terje V, Lina W, Ingunn, Mathias T, Harald, Heidi, Eivind, Kristoffer.

Tid for å fornye medlemsskapet i Vredens Gnag

Dersom du vil ha dette bladet som kjem ut 8-10 gonger i året, så betalar du inn 120 kroner. Samstundes er du med å støtte drifta av Torskangerpoll Musikklag og kulturlivet i Vågsøy. Har du ikkje fått giro, eller vil betale så kontakt Eli: 90773013 - refvik13@hotmail.com Kva med å spandere bladet på nokon du kjenner?



BÅTBYGG!

2		4				3	
	1	5		3		7	4
							9
	8	2	3		4		
1			2		7		3
			1		9	5	8
4							
5		7		4		3	9
	9					2	1

**S
u
d
o
k
u**

	3			7		6	
	6	2	3	5	4		
7		1	6	8			4
2					8	7	3
	8	9		3		4	2
3		6	1				9
4				9	3	1	5
			4	2	5	8	9
		8		1			4

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 5

20. årgang

Mai 2013

15 lag er påmelde

Planlegginga til stormfestivalen som skal vere 7. 8. og 9. juni er no inne i ein hektisk slutfase.

14 korps og 1 kor er påmelde. Dei som blir med er: Otta



Musikkforening, Otta, Musikklaget Melshorn, Sunnmøre, Nørnvøy Ungdomskorps, Ålesund, Gossen Musikklag, Aukra, Raufoss Musikklag, Valestrand Musikklag, Osterøy, Ellingsøy Hornmusikk, Sunnmøre, Måløy Musikklag, Kjølisdalen Musikklag, Ytre Nordfjord Brass, Heidal Musikkforening, Volda og Ørsta Hornmusikk, Øystese Musikklag, Folkestad Tonika, Blandakoret Hemingen (Flø-koret).

Vil du hjelpe til under festivalen så kontakt Tor Åge Gravdal. Laurdag 8. juni frå klokka 14.00 til 18.00 har vi fått lov å stenge vegen ved Vikabu i Torskangerpoll. Håpar folk som bur i området innrettar seg etter det. Laurdag på dagtid blir det karnevalsfest og stor Torgkonsert i Måløy. Søndag klokka 11.00 blir det avslutning ved Nordfjordhallen.

www.torskangerpoll.no



17 MAI

KL. 07.30 - MORGENPROSESJON FRA OPPEDAL
M/TORSKANGERPOLL MUSIKKLAG

KL. 08.00 - FLAGGHEISING VED GRENDEHUSET

KL. 11.00 - TOG I VÅGSVÅG

M/TORSKANGERPOLL MUSIKKLAG
OG HOLVIK SKULEKORPS
FRA SVINGEN I BYGGEFELTET,
TIL HANNABERG OG RETT TIL
GRENDEHUSET



KIOSK, SALG AV RØNNEGROT,
KAFFE, KAKER OG SMØRBRØD,
BARNELEKER, LODDSALG
TALE FOR DAGEN



KL. 15.00 - FOLKETOG I HOLVIK
M/HOLVIK SKULEKORPS OG
TORSKANGERPOLL MUSIKKLAG

Storm- dugnad laurdag

27. april
Etter ei
kjapp
regnbyge
om mor-
ningen
kunne da-
gens dug-
nadsgjeng
møte opp
kl 10 i
Torskanger-
poll



med godt humør og arbeidslysta på topp. Alle hadde med rikeleg verktøy som trillebårer, grafser, Brett, hakker, spader, jernriver m.m. Pukk og grus var kjøpt inn til grusing nord for kulturhuset i Gravdal. Terje organiserte fint og delte dugnadsgjengen i to arbeidslag, eit lag til å pukke og gruse i Gravdal, og eit lag til å planere og rydde på Sigrids plass i Vikja. 9 personar av 10 påmelde var på plass, og desse gjekk i gang med krum hals. Etter kvart kom og Kjell i Demmahaugen og hjelpte til. Det er alltid fint når bygdas folk også stiller opp på dugnader for å få det fint på områder som kan vere til felles nytte og glede.

Når klokka var 12 hadde vi dugnadsfest i kjellaren i Gravdal. Eli og Lisbeth kom med svele og gjærbakst, og Heidi hadde allereide teke med seg sjokoladecake. Eting, drikking, øn og drøs blei ei kjærkoma avkopling og gav nye krefter til innsats. Mykje løye blei sagt både frå før i tida og framtidsvisjonar. Det blei jobba eit par timar etter pausa før gjengen tok kveld. På Sigrids plass fann dei ei sjeldan treblokk og fleire bryner frå gamle dage. Ved Gravdal blei planeringa ferdig og markert med snorklipping, og at alle køyrde rundt huset med bilane på rekkje fleire runder då hoppetusse mangla. Litt av eit syn. Dugnaden blei dokumentert både med film og bileter. Ein vellukka dugnad til alle sitt beste i sol og fint ver.

